



**Laga slim.** Marthe Fremgård og Ingvild Brennekåsa syntest det var spennande å vere forskarar for ein kveld.

# Forska på slim

**Slim og spøkelseskrystalar stod på timeplanen då 16 barn blei forskarar for ein kveld.**

Hilde Eika Nesje

redaksjon@boblad.no – tlf 947 89 450

Kjemiske reaksjonar, polyvinylalkohol og borax låg i lufta på Bø vidaregåande skule sist veke då 16 nysgjerrige ungar i 5. og 6. klasse ville la seg inspirere av magien i slim. Kurset, som skal gjere nye generasjonar flinkare i kjemi og gje dei trening i å forske, var i regi av Forskerfabrikken. Det er ei foreining som har som formål å spre interessa for realfag blant barn og unge på ein morosam og spennande måte.

## Morosamt og lærerikt

Atom, molekyl og viskositet var

ny lærdom for forskarspirene, som såg ut til å kose seg stort på kurset i Bø.

– Eg blei med fordi kurset verka lærerikt og morosamt. Me har lært nokre nye og vanskelege ord, og kva dei eigentleg betyr. Det er spennande, seier Marthe Fremgård (11), medan ho fordjupar seg i rosa og blått slim på reagensrør.

I løpet av den to timer lange kursvelden fekk barna studere spøkelseskrystallar, lage slim i mange formar, teste konkurranseslim og undersøke eit mystisk materiale, noko alle syntest å like godt. Dei gjekk i alle fall ut døra heilt høge på forsking, og kan glede seg til nye kurs som vil kome etter kvart.

## Ideelt formål

Forskerfabrikken blei grunnlagt av Hanne S. Finstad i 2002 som

ei foreining med ideelt formål. I 2008 blei også Forskerfabrikken AS oppretta. Den opprinnelige foreininga har ansvar for å tilby barn og ungdom i Oslo fritidskurs om forsking og teknologi, og Forskerfabrikken AS har ansvar for å spreie dette tilboden til landet for øvrig. Lærarkurs, sommarskule og konsulentoppdrag er også noko av det foreininga kan tilby.

Forskerfabrikken samarbeider tett med ekspertar frå ulike fagfelt når nye kurs og aktivitetar blir utvikla, og alle nye kurs og aktivitetar blir først testa ut i Oslo.



Foto: Hilde Eika Nesje

# Barnepraten

## Kristiane (6)

**Kva likar du aller best?**  
– Å leike med venninna mi.

**Kva skal du bli når du blir stor?**  
– Dyrepasjar.

**Kor kan du tenkje deg å reise?**  
– Til Danmark.

**Kva gjer du på fritida?**  
– Eg ser på TV.

**Kva likar du å lese?**  
– Dyrebøker.

**Kva ville du teke med til ei øde øy?**  
– Ein luftmadrass.

# Nyheter for barna

Idé og layout: En-to-tekt



# facebook

## Facebook inn i skulen?

**Det er for tida ein debatt i Danmark om sosiale medium som Facebook, blogger og msn bør takast i bruk i skulen. No kjem debatten til Noreg.**

Det er mange danske lesekspertar som meiner at skulane bør dra nytte av dei sosiale media som blir meir og meir vanlege for dei eldste barna og ungdomen. Ei dame som er ekspert i Danmark seier at mange barn kjem heim frå skulen og bruker Facebook, msn og sms veldig mykje. Derfor bør også desse tingane brukast

som reiskapar i undervisninga, meiner ho. Mange meiner også ein må utnytte den kompetansen som dei unge har tileigna seg gjennom desse media. Å lese og skrive handlar ikkje berre om korrekt skrivemåte, men også om å gjere seg forstått, seier ekspertane. Debatten kjem snart til Noreg, trur dei.

## Før var Sverige best!

Du har sikkert fått med deg at det blir arrangert handball-EM for menn i Austerrike? Sverige rauk ut ganske tidleg i turneringa, men for nokre år sidan vann dei nesten alt som var! Sverige vann VM i 1999. Og dei vann handball-EM for menn i 1994, i 1998, i 2000 og i 2002. Men så var det slutt!



*Det er berre sportsmenn og idiotar som hoppar over gje det der det er høgast.*

Jesper Klein

## Dyrenytt


### Elgjakt inne på sjukeheim!

Det var litt av ei elghistorie politiet kunne melde om frå Ål nyleg. Ein elg hadde hoppa inn gjennom eit vindauge og stod plutsleig på eit pasientrom! Dette rommet var tomt, men elgen tok seg vidare over gongen og inn til ein kar som sat og åt frukost. Mannen kom seg ut og låste døra. Politiet så ingen annan utveg enn å skyte elgen, som var ganske rabiat.



### Fantastiske Mikkel Rev på kino

Dette er ein ny animasjonsfilm, men historia om den fantastiske Mikkel Rev er kjend frå barneboka til den kjende forfattaren Roald Dahl. Gardseigarane jaktar på Mikkel, og heile dyreflokken er samla under jorda for å unngå dei fæle menneska. Dei må bruke mange lure revetrikks for å redde kvarandre! Er på kino frå byrjinga av februar.



Filmnytt  
for barn!

## Verdsrekordar!

### Seig regnboge!

I 1994, den 14. mars, var det ein regnboge som var synleg frå klokka 09 til kl. 15. Dette skjedde i Storbritania, og er tidenes lengstvarende, kjende regnboge. Det skrivar Guinness Rekordbok.



Kristian Kjelling

Bytt litt om på bokstavene, og du får:  
Riktig slank linje